

Bringedal heidra for museumsinnsats

15.03.2012



Kristian Bringedal har ei lang økt for musea bak seg (Foto:Ola Matti Mathisen)

I går hadde uskedelingen Kristian Bringedal sitt siste styremøte og sitt siste møte som styreleiar i Sunnhordland Museum. Han vart heidra og takka for enorm innsats for museet gjennom ulike verv i 30 år. Det er ei rekordlang fartstid i miljøet - i alle fall på våre kantar.

Han har vore med sidan års- og rådsmøtet i 1975 og bortsett frå eitt har han vore på alle årsmøta fram til no. Han sat til dømes som leiar av rådet i 10 år og sidan har han vore styremedlem i 10 år og leiar i 4.

Bringedal har vore med i mange viktige endringsprosessar for museet. Viktig i konsolideringa i 2005 var det at han kjende systemet godt for å ta det med inn i framtida.

Han har også vore leiar i ein prosess der fylket laga ny museumsplan, som vart vedteke i juni i fjor.

Under siste møtet vart han overrekt ei bokgåve og rost for enorm arbeidskapasitet og effektivitet og for å vera til stades og ha oversikt.

Av Ola Matti Mathisen